

PLANSKILDING

Detaljplan for bustad i Skånevik - planendring

PlanID: R-32DEL1-2



Gnr: 131 Bnr: 172 Etne kommune

Dato/revisjon: 13.05.2024

Forfatar: L. Jansen

Oppdragsgjevar: Ørjan Mortveit Tveiten

Big enough to deliver
Small enough to care

TITTEL Endring av eldre reguleringsplan for Skånevik, del 1: sentrum, gnr 131/172 SKÅNEVIK – Etne kommune		
PLANID R-32DEL1-2	DATO 13.05.2024	REV - DATO -
PROSJEKTNUMMER 136091	VERSJON 1	
OPPDRAGSGJEVAR Ørjan Mortveit Tveiten	OPPDRAGSGJEVAR REFERANSE Ørjan Mortveit Tveiten	
UTFØRT AV Lena Jansen	SIGN 	
KONTROLLERT AV Elisabeth Silde	SIGN 	
EKSTRAKT Reguleringsendring etter forenkla prosess av reguleringsplan for Skånevik, del 1: sentrum. Nytt plannavn vert Detaljplan for bustad i Skånevik – Planendring.		

Innhald

1	SAMANDRAG	4
2	BAKGRUNN	5
2.1	HEIMELSHAVARAR I PLANOMRÅDET	5
2.2	OVERORDNA PLANAR	6
2.3	GJELDANDE REGULERINGSPLAN	6
2.4	PLANPROSESSEN	7
2.5	GJENNOMGANG AV PLANENDRINGA	7
3	VERKNADAR AV PLANENDRINGA	10
4	VURDERING ETTER NATURMANGFALDLOVA	10
5	VURDERING KNYTT TIL RISIKO OG SÅRBARHEIT (ROS-ANALYSE)	11
6	KONKLUSJON	15

1 Samandrag

Det er ønske om å starte opp reguleringsplanarbeid for eit mindre område som er avsett til føremål for park, køyreveg (parkering) og gang- og sykkelveg. Gjeldande regulering er basert på Plan- og bygningslova frå 1985, og tredje i kraft 12.01.1993. Planområde omfattar gnr/bnr 131/172, og mindre del av gnr/bnr 131/1, og det er no ønske om å legge til rette for bustadtomt på staden. Gjeldande reguleringsplan er ein eldre plan frå 1993, og det er avklart med kommunen at det ikkje lenger er trong for parkering i området.

Føremålet med endringa er å regulere for ein einebustad med tilhøyrande garasje på eigedomen. I oppstartsmøtet vart det vurdert av kommunen at ein kunne handsame endringa etter forenkla prosess.



Figur 1 - Eigedomstilhøve (kjelde: bakgrunnskart frå kommunekart.com)

Delområde som vert endra erstattar gjeldande plan, og kjem soleis til å få ny planID: R-32DEL1-2. Det vert også nye føresegner som vert gjeldande for planendringa.

Dei viktigaste endringane er:

Plankart:

- Regulere eigedomen om til føremål 1111 – bustadar-frittliggjande-småhus
- Regulere føresegnsområde for VA-leidning
- Regulere byggegrense mot fylkesveg
- Avkøyringspil for avkøyring til eigedomen

Føresegner:

- Fellesføresegner for kulturminne, teknisk anlegg og framande artar
- Føresegner for arealføremål
- Føresegnsområde for VA-leidning
- Føresegn til omsynssone H220, gul støysone

2 Bakgrunn

Omega 365 Areal AS er engasjert av grunneigar på gnr/bnr 131/172 til å gjere endring i gjeldande reguleringsplan. I gjeldande reguleringsplan for Skånøvik sentrum er eigedomen regulert til køyreveg (parkering), park, samt noko gang- og sykkelveg. Intensjonen med planen frå 1993 var å tilrettelegge for parkering og noko grønt, då tilliggjande båthamn i utgangspunktet var tenkt med fleire båtplassar, og at det difor var naudsynt med parkering i nærleiken. I dag ligg eigedomen mellom einebustadar i aust, einebustad og ein eldre fabrikk (Motormuseum) i vest.




Figur 2 - Eigedomen slik den framstår i dag (kjelde: google.com/maps)

2.1 Heimelshavarar i planområdet

Gnr/bnr:	Grunneigarar
131/153	Lasse Torbjørn Grønfur
131/170	Lasse Torbjørn Grønfur
131/158	Berge båtlag
131/123	Jan Bøthun
131/109	Ikkje tinglyst (fylkesveg 548)

2.2 Overordna planar

Området ligg i gjeldande kommuneplan (KPA) 2003-2013 som at reguleringsplan framleis skal gjelde.



Figur 3 - Utklipp frå gjeldande kommuneplan. (kjelde: arealplaner.no/4611/arealplaner/50)

Ny KPA:


I disse dagar er ny KPA for Etne kommune til behandling etter at fristen for 1. gongs høyringa gjekk ut 18.09.2023. I denne er areala sett av til sentrumsføremål, noko som opnar opp for bustad på eigedomen. Gjennom reguleringsplan vert det opna opp for fortetting i sentrumsområda med ei byggehøgde på inntil 16,5 m frå ferdig opparbeida gjennomsnittleg terreng. I retningslinjene er det tilrådd norm for tettleik for bustadar i sentrumsområda, der det for Skånevik skal vere minimum 2 bueingar per dekar innan ein avstand på om lag 500 meter frå sentrum (ferjeleiet).

I den nye kommuneplanen er ikkje reguleringsplan R-32DEL1 *Skånevik, Del 1: sentrum* omfatta av detaljeringssone (omsynssone) der planen framleis skal vera gjeldande. For områder som ikkje er omfatta av detaljeringssone for reguleringsplan er tillate utnyttingsgrad 40% BYA for einestad, og 60% BYA for fleirmannsbustader. Maksimal mønehøgde for bustadar er 9,0 meter, og maksimal gesimshøgde er 8,0 meter.

2.3 Gjeldande reguleringsplan

Gjeldande plan vart vedteken 12.01.1993. Eigedomen er regulert til køyrebane (parkering) og park. Noko areal som ligg sør for eigedomen (gnr/bnr 131/1) vert også råka av planendringa. Dette er regulert til gang- og sykkelveg.

Under føresegnene for offentleg trafikkområde har ein følgande for § 22: *Ved utbygging av småbåthamn som planen viser, så skal det vera 40% parkeringsdekning i høve til talet på båtar.* Gjeldande reguleringsplan er ikkje vurdert vidareført i sin heilskap i ny KPA, men ligg som detaljering av føremålet sentrumsføremål. Reguleringsendringa er i samsvar med dette. Då planendringa vil vere i tråd med kommande kommuneplan, har ein saman med kommunen vurdert at det ikkje er naudsynt med ei konsekvensutgreiing. Det føregår ikkje planarbeid i området etter det kommunen kjenner til.



2.4 Planprosessen

Det er ikkje krav til varsling av oppstart av planarbeid ved utarbeiding av endringar etter forenkla prosess. Etter avtale med kommunen vert forslaget sendt på høyring av Omega 365 Areal AS. Dersom det kjem inn merknadar som er spesielt konfliktfylte, vil endringa ikkje kunne handsamast som forenkla prosess.

Det er fleire punkt som tilseier at endringane kan gjennomførast som ein forenkla planprosess:

- Endringa vil i liten grad påverke gjennomføringa av planen for øvrig.
- I gjeldande regulering har ein lagt opp til ei større båthamn ein kva ein har i dag, og at det er naudsynt med parkering for 40% av båtane. Då denne båthamna ikkje er bygd ut ihht planen, fell også behovet for parkering vekk.
- Forslaget vil vere i tråd med ny kommuneplan der området er avsett til sentrumsføremål.
- Endringa vil ikkje ha negative konsekvensar for viktige natur- og friluftområde.

2.5 Gjennomgang av planendringa


I endringsforslaget er det foreslått å legge til rette for einebustad med tilhøyrande garasje. Ein ynskjer soleis å regulere om til føremål 1111 *bustader-frittliggjande-småhus*.

Plassering, storleik og utforming av einebustad og garasje

Bustaden i planen vert tilpassa med omsyn til byggegrense mot veg, samt avløpsleidninga som ligg på tvers av eignedomen. Dette gjer at utbyggingsområdet i utgangspunktet vert lite, og det er derfor ikkje mogleg å oppnå meir enn ein einebustad i planen. Høgda vert ihht til ny kommuneplan der maksimal

mønehøgde er sett til 9,0 meter, og maksimal gesimshøgde er 8,0 meter. Materialbruk og utforming av fasade skal stå til eksisterande bustadar for å ivareta området karakter.

Reguleringsendringa vil også omregulere noko areal på naboeigedom gnr/bnr 131/123 som i dag er sett av til parkering og grønt. Dette vert gjort av praktisk omsyn så ein ikkje lar ei smal stripe med parkeringsareal og grønt stå att. Dette gjer at naboeigedomen vil få eit noko større føremål for bustad – og difor eit litt større areal til utbygging. (Sjå felt merka i blå stripla linje. Raud stripla linje syner eigedomsgrensa til gnr/bnr 131/123).



Terrengingrep

I dag består området av plen/grønstruktur som skrå slakt frå 7 moh i sør, mot 5 moh i nord. Området er relativt flatt. Overskotsmassar i planområde skal så langt som råd nyttast på eigedomen.

Etter anbefaling frå geolog bør ein etablere stabil plate i henhold til kartlagde lausmassar, samt bruk av lette massar for å redusere faren for lokale setningar og sig. Ein må også leggja til grunn at utførande entreprenør ivaretar lokalstabilitet i forbindelse med gravearbeid, og at krav til stabile skjeringar og fyllingar vert etterfølgt.

Parkering

Det vil vere 2 stk. parkeringsplassar på eigedomen, der den eine vert i garasje. Ein legg også opp til parkering for sykkel.

Universell tilgjenge

Bustaden vil ligge i eit flatt terreng som gjer det tilgjengeleg for alle, men det vert ikkje utforma særskilt med omsyn til universell tilgjenge.


Trafikktilhøve

Fylkesveg 548 grensar til eigedomen i sør. Denne vegen har ein ÅDT på 1100, og ei fartsgrense på 30 km/t. Næraste busshaldeplass ligg ved Skånevik kai, 400 meter frå planområde. Skånevik har kombinert barne- og ungdomsskule som ligg 500 meter vest for planområde, med 105 elevar og 25 tilsette. Fylkesvegen har ikkje gang- og sykkelveg i dag, men dette er regulert på begge sider av vegen i gjeldande plan. Som fartsreduserande tiltak er det etablert fartshumpar langs vegen. Etter ønske frå kommunen vert gang - og sykkelvegen på nordsida av fylkesvegen (som grensar til eigedomen) regulert til bustad.

Omega 365 Areal AS har hatt dialog med Vestland fylkeskommune for å avklare byggegrense mot veg. Det må takast omsyn til ei evt. framtidig vegutbetring, der VFK vurderer å bygge miljøgate i Skånevik sentrum. Den foreløpige tilbakemeldinga frå fylkeskommunen er at byggegrensa ikkje kan gå like langt ned som tilgrensande områder som har 6,5 meter målt frå midten av vegen. Byggegrensa er på bakgrunn av dette lagt 8 meter frå senterlinje av fylkesveg ut i frå dagens vegsituasjon, då den regulerte vegen ikkje er i samsvar med faktisk situasjon.

I følgje Statens vegvesen sitt støykart ligg store delar av planområde i gul støysone. Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021), skal forankrast i føresegna til planen, der det ikkje

kan førast opp bygningar for støyfølsam bruk innanfor støysona utan at det er gjort naudsynt prosjektering som syner at støyen er innanfor krava.



Figur 4 - Støykart frå SVV som syner at eigedomen ligg i gul støysone.

Teknisk infrastruktur

I dag går det ein avlaupsleidning på tvers over eigedomen. Det er viktig at planlegginga skjer med omsyn til denne. I oppstartsmøtet med kommunen var tilrådinga at ein måtte ha ein avstand frå leidningsnettlet på 4 meter for å ha moglegheit til å kome til med maskinar om det vert naudsynt. Ein har lagt inn eit føresegningsområde for å ivareta naustsynt areal kring leidninga, men det vil vere mogleg å etablere parkering i dette området.



Figur 5 - Avlaupsleidning (grøn) som går over tomta. Blå leidning syner eksisterande vassleidning. (kjelde: tilsendt frå Etne kommune)

3 Verknadar av planendinga

Området ligg sentralt til ved sjøen i Skånevik sentrum. Eigedomen grensar til bustad i vest og aust, fylkesveg 548 i sør, samt ei ubebygd tomt i nord. Planområdet omfattar store delar av gnr/bnr 131/172, men eit smalt parti mot nord er ikkje teke med av praktisk omsyn, samt eit lite areal av 131/1. Planområde utgjer eit areal på om lag 570 m². I følge kulturminnesøk har ein ingen registrerte automatisk freda kulturminne på staden. Næraste regulerte leikeplass ligg 150 meter sør for planområde, samt at ein har eit større friområde/park på sørsida av fylkesvegen. Desse vert ikkje råka som følgje av planen.

I gjeldande regulering har ein lagt opp til ei større båthamn ein kva ein har bygd ut i dag. På bakgrunn av båthamnas omfang og storleik vart det i føresegna til planen sett at det var naudsynt med parkering for 40% av båtane. Då denne båthamna ikkje er bygd ut ihht planen, fell også behovet for parkering vekk. I dag har ein nokre båtplassar der det truleg er lokale med hus eller hytter i nærleiken som nyttar desse og difor ikkje har trong for parkering. Planområde har vert ein ubebygd grøn bakke så langt historiske foto kan syne, noko som tilseier at området aldri har samsvart med reguleringa frå 1993. I gjeldande kommuneplan er området avsett til at eksisterande reguleringsplan framleis skal gjelde. I dag har Etne kommune ny kommuneplan til behandling, der området er avsett til sentrumsføremål. Dette samsvarar med det nye planforslaget.

For å ta vare på kulturminne og kulturmiljø vert kommunane oppmoda av Riksantikvaren til å lage kulturmiljøplan. Etne kommune utarbeida ein plan i 2022, der ein mellom anna skildrar sentrumsmiljøet i Skånevik, med eit stort tal kulturhistorisk verdifulle bygningar. Dei fleste bygga i sentrum er frå siste del av 1800-talet og tidleg 1900-tal, og består av trehus i sveitsarstil. Den nye einbustaden skal byggjast i tradisjonell stil som vil stå godt til sentrumsmiljøet ein har i dag. Dette gjer at planendinga ikkje vil medføre vesentlege verknadar utanfor planområde.

På bakgrunn av vurderinga gjort over er det vurdert at planendinga ikkje vil føre til merkbare negative verknadar for kulturminne, parkeringsbehov, eller sentrumsmiljøet i Skånevik.

4 Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova (NML) sitt føremål er å ta vare på naturen sitt biologiske, landskapslege og geologiske mangfald og økologiske prosessar gjennom berekraftig bruk og vern. Planen ligg i eit område som i hovudsak er registrert som hav-, fjord-, og strandavsetning, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen. Ein har ikkje særskilte tre eller spesielle naturpreg innanfor planområde som vert råka som følgje av planendinga.

I nærleiken av planområdet er det gjort observasjon av sommarfuglarten *Lampronia morosa*. Denne er registrert som VU – sårbar. Då dataene er frå 1963 - og det berre er gjort ein observasjon, er det lite truleg at ein finn arten her i dag. Fugleartane gråmåke og storskarv er registrert i sjøen utanfor planområdet. Storskarv har status som NT - nær trua, medan gråmåke har status som VU - sårbar.

Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som godt nok (§ 8). Det er vidare ikkje registrert framandartar i området. Som følgje av at naturmangfaldet i liten grad vert råka, og det ikkje kan påvisast effektar av tiltaket på trua eller verdifull natur, blir det lagt til grunn at det ikkje er nødvendig å foreta vurderingar etter prinsippa i §§ 9-12.

5 Vurdering knytt til risiko og sårbarheit (ROS-analyse)

I dette kapittelet finn ein ei forenkla framstilling av ROS-analyse for planendringa.

5.1 Føremål

Føremålet med risiko- og sårbarheitsanalysen er å utarbeida eit grunnlag for planleggingsarbeidet slik at beredskapsmessige omsyn kan integrerast i den ordinære planlegginga, og at det kan gi betre grunnlag for beredskaps- og kriseplanlegging i samfunnet:

«Å fremme samfunnssikkerhet i arealplanleggingen innebærer å gjøre en helhetlig vurdering av hva slags virkning planene kan ha på samfunnet og befolkningen. Dette samsvarer med det som var intensjonen da begrepet ble tatt inn i PBL.

- Bidra til den enkeltes trygghet for liv, helse og eiendom.
- Bidra til å ivareta samfunnets evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og hindre en utvikling som truer viktige forutsetninger for dette.» (DSB rettleiar 2017)

5.2 Metode og framgangsmåte

ROS-analysen er utført i samsvar med rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging» utgitt av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (2017). Byggteknisk forskrift – TEK 17 gir tryggleikskrav i forhold til naturfare (TEK 17 §7-1, 2, 3 og 4), der det er stilt krav om at byggverk skal utformast og lokalisert slik at det er tilfredsstillande tryggleik mot framtidige naturkrefter.

Etne kommune har utarbeidd overordna ROS (2019) med eigne akseptkriterier. Omega 365 Areal AS vil i tillegg nytte akseptkriterium og metode for rangering av sannsyn og konsekvensar i samsvar med DSB sin rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging» (2017), samt akseptkriteria frå TEK17 når det gjeld naturfarar.

DSB sin rettleiar deler ROS-analysen inn i fem trinn:

1. Beskrive planområdet
2. Identifisere moglege uønskte hendingar (viser til tabell i punkt 2.2)
3. Vurdere risiko og sårbarheit (sannsyn, konsekvens, usikkerheit)
4. Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit - til dømes kan det vera aktuelt å leggja inn relevante planføresegner og omsynssoner i plandokumenta
5. Dokumentere analysen og korleis den påverkar planforslaget – funn frå ROS-analysen må følgjast opp i planen

DSB sin rettleiar legg ikkje føringar for kva grenseverdiar som bør nyttast ved vurdering av konsekvens - eller om grenseverdiar vert delt inn i tre eller fleire kategoriar osv. Årsaka til dette er at omfanget av konsekvensen vil kunne variera frå plan til plan utifrå planens storleik og kva føremål/tiltak planen legg opp til. Det vert difor opp til den som utførar analysen å vurdere kva grenseverdiar som vert naturleg å nytta, ut i frå planens omfang og føremål. Rettleiaren påpeikar likevel at grenseverdiene for konsekvens bør vera dei same for kvar hending/situasjon i ROS-analysen.

5.3 Vurdering av tryggleik mot naturpåkjenningar

Bygningar som er tenkt innanfor området er vurdert til tryggleiksklasse S2 når det gjeld skred då ein planlegg for å etablere en einebustad på tomte, og F2 når det gjeld flaum. Tryggleiksklassane er basert på retningsgivande dømer gitt av Direktoratet for byggkvalitet.

I følgje NVE sine kartdata er det ikkje fare for flaum eller skred ved planområde. Ein ser vidare at planområde ligg under marin grense.

5.4 Identifisering av uønskte hendingar

Er området utsett for eller kan planen medføre risiko for:	Aktuelt for planområdet?		Merknad Viss ikkje aktuelt – kvifor?	Kjelde
	Ja	Nei		
Naturhendingar:				
Ras/ skred (steinsprang, snø, sørpe og lausmasseskred)		x	Flatt terreng.	NVE Atlas
Geoteknikk (bergartar, lausmassar og stabilitet)	x		Vert vurdert vidare.	
Flaum (elv, bekk)		x	Ligg utanfor aktsomheitssone for flaum.	NVE Alas
Ekstrem nedbør (stormflo, høgvasstand, store bølger og stigning av havnivå)		x	Ligg ikkje direkte til strandsona.	Kartgrunnlag
Ekstrem vind		x	Lite utsett område.	
Skog- og grasbrannar		x	Ligg ikkje til skog, relativt bart område	Kartgrunnlag
Andre uønskte hendingar:	Ja	Nei		
Trafikkulukker		x	Det ligg ikkje offentleg veg eller anna veganlegg innanfor planområde.	Kartgrunnlag
Skipstrafikk		x	Ikkje relevant.	
Industri og næringsliv i nærområdet		x	Ikkje relevant ut ifrå planens storleik.	
Ureining (akutt og anna, ureining av grunn, deponi etc.)		x	Ingen mistanke eller registreringar i kartdata hos Miljødirektoratet.	Miljødirektoratet
Transport av/ulukke med farleg gods		x	Ikkje relevant.	
Brann og eksplosjon. Innsatstid og kapasitet for naudetatane	x		Vert vurdert vidare.	
Dambrot		x	Ikkje relevant.	

Støy til/frå omgjevnadene	x		Vert vurdert vidare.	
Stråling (høgspenning linje, radon)		x	Ikkje relevant, ingen høgspenning eller kartlag som synar radon.	Kartgrunnlag
Terrengformasjon (naturlege terrengformasjonar som utgjør spesiell fare)		x	Ingen spesiell terrengformasjon på staden.	Rapport frå Skrid Aktsomhet AS

Ut i frå kunnskapsgrunnlaget og den faglege vurderinga, blir det antydning om hendinga skal vurderast vidare i risiko- og sårbarheitsanalysen eller ikkje:

5.4.1 Naturhendingar

Geoteknikk

Planområde er i tilgjengelege kartbasar registrert med lausmasstypen hav-, fjord-, og strandavsetning, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen. Heile område ligg også under marin grense.

I samband med planarbeidet på eigedomen krevjast det ei naturfarevurdering med fokus på stabil byggegrunn og fare for områdekred før kommunen kan ferdigbehandle saka. I januar 2024 vart difor Skrid Aktsomhet AS engasjert av grunneigar for å undersøke tiltaksområdet. Eigedomen ligg i tilnærma flatt terreng med bart fjell kartlagt 12 meter søraust for eigedomsgrensa. Basert på befarings-, gravd sjakt, aktsomheitskart, LiDAR data, ortofoto og tilgjengelege geotekniske grunnundersøkingar, lokale kjelder og historisk data vurderte geolog frå Skrid området til å ha lite kompliserte grunnforhold, og plasserast i tiltaksklasse 1 ihht. Plan og bygningslova. Tiltaksklasse tek utgangspunkt i tiltakets kompleksitet, vanskegrad og moglege konsekvensar, manglar og feil som ein kan få for helse, miljø og sikkerheit.

Fare for områdekred er vurdert som fråverande. Det er vidare anbefalt av Skrid at ein etablera stabil plate i henhold til kartlagde lausmassar, samt bruk av lette massar for å redusere faren for lokale setningar og sig. Det forutsettes også at utførande entreprenør ivaretar lokalstabilitet i forbindelse med gravearbeid, og at krav til stabile skjeringar og fyllingar etterfølgjast.

På bakgrunn av vurderinga utført av Skrid Aktsomhet AS vert hendinga knytt til områdestabilitet ikkje vurdert vidare i risiko- og sårbarheitsvurderinga.

5.4.2 Andre uønskte hendingar

Brann og eksplosjon

Det er ikkje forhold på staden som tilseier at det er eksplosjonsfare. Skånevik brannstasjon ligg like over sentrum med kort utrykkingstid (ca. 2 min frå brannstasjon til planområde), og er bemanna med tre brannkonstablar på dagtid. Beredskapsstyrken har ein stk. brann- og redningsbil med 2500 liter vatn, i tillegg til brannpumpe og anna naudsynt sløkkestyr. Forhalda på staden gjer at ein brannbil ved ei evt. utrykking vil nå heilt fram til einestaden.

På bakgrunn av dette vert hendinga ikkje vurdert vidare.

Støy til/frå omgjevnadane

Planområde ligg tett på fylkesveg 548, og difor i gul støysona. Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021), skal forankrast i føresegna til planen, der det ikkje kan førast opp bygningar for støyfølsam bruk innanfor støysona utan at det er gjort naudsynt prosjektering som syner at støyen er innanfor krava.

Då tema knytt til støy vert behandla etter retningslinjer (T-1442/2021) og forankra i føresegnene vert hendinga ikkje vurdert vidare.

5.5 Vurdering av risiko og sårbarheit av uønskte hendingar:

For uønskte hendingar som er vurdert som aktuelle for planområdet, er det behov for analyse av risiko- og sårbarheitstilhøva for å ivareta samfunnssikkerheita i planforslaget. **Då det ikkje er naudsynt å vurdere hendingane over vidare, er det ikkje naudsynt med vidare analyse.**

5.6 Samanstilling

På bakgrunn av vurderingane gjort i kap. 5.4 har ein samanstilt resultatata i tabellen under. Det vert og gjort greie for korleis tiltaka skal følgjast opp i planen.

Risikoreducerande tiltak		
Uønskt hending	Tiltak For å oppnå tilstrekkeleg tryggleik	Oppfølging gjennom planverktøy
Områdestabilitet	Etter anbefaling frå geolog bør ein etablere stabil plate i henhold til kartlagde lausmassar, samt bruk av lette massar for å redusere faren for lokale setningar og sig. Det forutsettes også at utførande entreprenør ivaretar lokalstabilitet i forbindelse med gravearbeid, og at krav til stabile skjeringar og fyllingar vert etterfølgt.	Anbefaling gitt i planskildringa
Brann og eksplosjon	Teknisk plan som inkluderer løysning for sløkkevatn må vere godkjent før utbygging.	Plan- og bygningsloven
Støy	Støy vert behandla etter retningslinjer (T-1442/2021).	Føresegna

6 Konklusjon

Reguleringsendringa legg opp til ein bustad, med tilhøyrande garasje på eigeidomen. Planendringa vil vere i tråd med ny kommuneplan for Etne kommune. I ROS-analysen har ein vurdert tema knytt til områdestabilitet, brann og eksplosjonsfare, samt støy. Det er gjennomført ei naturfarevurdering med fokus på stabil byggegrunn og fare for områdeskred, utført av geolog frå Skrid Aktsomhet AS. Basert på rapporten er det ut ifrå befaring, kartdata og grunnundersøkingar vurdert at området har lite kompliserte grunnforhold, og plasserast i tiltaksklasse 1 ihht. Plan og bygningslova. Fare for områdeskred er vurdert som fråverande. Det er vidare anbefalt av geolog at ein etablera stabil plate i henhold til kartlagde lausmassar, samt bruk av lette massar for å redusere faren for lokale setningar og sig. Det forutsettes også at utførande entreprenør ivaretar lokalstabilitet i forbindelse med gravearbeid, og at krav til stabile skjeringar og fyllingar vert etterfølgt.

Vidare har ein i føresegna til planen sett krav til teknisk plan som inkludera løysning for sløkkevatn, og at dette må vere godkjent før utbygging, samt sett krav til at tema knytt til støy vert behandla etter retningslinjene T-1442/2021.

Planen vert sendt på høyring våren 2024. Endringa vert behandla etter forenkla prosess, då ein har vurdert at endringane ikkje vil gå ut over hovuddrammene i planen, påverke gjennomføringa av planen for øvrig, samt ikkje vil råka ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde.